



Stemneplassen ligg vakkert til i Skårhaug. Kom og ver på SONG OG MUSIKK på tysdag kl. 19.

Uskedal Friluftslag inviterer til Song og Musikk på Stemneplassen, tysdag 13. juni kl. 19. Plassen er fjelga og dersom du kjem, er du med og støttar Friluftslaget i deira arbeid med drift og utvikling av eit unikt friområde i sentrum av Uskedalen. Uskedal musikklag spelar eit variert program og styret legg inn andre programpostar.

Allsongen denne kvelden vil i store trekk handla om dei tre uskedalssongane:

- Uskedalssongen v/ Søren Feet
- Song til Uskedalen v/ Wilhelm Bjelland
- Uskedalen v/ Sunniva og Sigvald Eik

Musikklaget vil stå for tonefylgje, alle syng og vi vert meir kjende med tekstane, forfattarane og melodiane. Spesielt kjekt er det å nemna her er det at korpsarrangementet til melodien til Song til Uskedalen er gjort av æresmedlem og tidlegare dirigent i Uskedal musikklag Bård Ljosnes. Yngve Nikolaisen og Stein Ivar Mortensen har arrangert dei to andre for brassband.

Loddsalet vil venteleg gje god innkoma til Friluftslaget. Næringsdrivande i bygda har alle synt positiv interesse ved å la styret plukka ut høveleg gevinstar. Dei populære bokgevinstane vil sjølvsagt vera på plass. Elles vert det leikar, kaffi og noko å bita i.

Stemneplassen er nyslått og rydda. Musikklaget er godt førebudd. Styret er klar. Kom og ver og fyll opp benkene og på den måten gje di støtte til vidare arbeid med å halda plassen fin og skapa aktivitetar der.

I regn og dårleg ver kan det bli endringar i programmet. Fylg med på Uskedalen.no.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal